



Notat

Dato: 04.03.2015
Arkivsak: 2015/2400-6
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Farleg last på ferje - Svar på oversendingsforslag

På møtet i samferdselsutvalet 21. januar tok representanten Atle Kvåle (A) opp sak om farleg last på ferje.

«Ifølge pålitelege kjelder er regelverket for farleg last skjerpa inn i seinare tid. Dette medfører at når f.eks tankbilar med gass skal vera med ferjene få det konsekvens for kor mange passasjerar og andre bilar som kan vera med same ferja. Dette er til sterke ulempe for både næringslivstransport og ordinære passasjerar.»

Kan det oppfordrast til at denne type transport (farleg last) nyttar omkjøringsvegen der det er mogeleg eller at transporten føregår på tider av døgnet der det er minst mogleg til ulempe for andre?»

Fylkesrådmannen viser til at med heimel i Forskrift om transport med ferje, § 3, skal kjøretøy på ferjene takast med i den rekkefølgja desse kjem til ferjekai/oppstillingsplass. Unnataket er om ein må ta særlege omsyn til stuing eller vekt, og i enkeltilfelle der transport av motorvogn med farleg last vil gi store ulemper for mange andre som skal med ferja.

Nye reglar om transport med ferje fastset strengare krav, slik at ein i fleire tilfeller enn før må setje grense for tal passasjerar ved transport av motorvogn med farleg last. Skyss er kjent med utfordringar knytt til transport av farleg last på ferjene, og meiner det er svært uheldig når slik transport medfører forseinkingar for passasjerar og næringsliv.

Skyss eller operatør av dei ulike ferjesambanda kan ikkje pålegge transportørar av farleg last å nytte omkjøringsvei eller køyre til tider av døgnet som i mindre grad er til ulempe for andre. Ein kan likevel oppmøde transportørar som har regelmessig køyring av farleg last til å nytte omkjøring, eller kontakte reiarlaget slik at transporten kan verte ruta inn på avgangar med låg trafikk. Fleire store transportselskap som jamleg fraktar farleg gods har som vane å bestille tid på ferjene på førehand, slik at ulempene for andre reisande vert avgrensa.

Eit omfattande regelverk ligg til grunn for transport av farleg last. Skyss sine operatørar er pålagde å følgje gjeldande reglar og forskrifter, slik at ein sikrar tryggleiken for passasjerar, mannskap og fartøy ved eventuelle uhell.